



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Digitaliseringsdirektoratet
Postboks 1382 Vika
0114 OSLO

Deres ref

Vår ref
24/3105-147

Dato
22. desember 2025

**Statsbudsjettet 2025 – Digitaliseringsdirektoratet – supplerande
tildelingsbrev nr. 5**

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD viser til tildelingsbrev til
Digitaliseringsdirektoratet for 2025. Dette tillegget inneholdt følgende:

1. Løyvingsendringar
2. Budsjettmessige verknader av lønnsoppgjeret i 2025

1. Løyvingsendringar

Stortinget har ved behandlinga av Innst. 75 S (2025-2026), jf. Prop 18 S (2025-2026), vedtatt
følgjande løyvingsendringar i statsbudsjettet for 2025 på kap. 1540/4540
Digitaliseringsdirektoratet:

Kap.	Post	Løyvingsendring	Ny Løyving
1540	01	- 8 000 000	169 821 000
1540	25	- 1 495 000	148 746 000
1540	27	8 000 000	27 860 000
1540	29	20 500 000	170 500 000
4540	05	37 000 000	237 600 000
4540	07	20 500 000	170 500 000

Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet
Post 01 Driftsutgifter

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandlar
Ragnhild Sund
22 24 72 76

Som følge av behov for å omdisponere midlar internt i Digitaliseringsdirektoratet frå generell drift til drift av tilsynet for universell utforming av ikt er løyvinga redusert med 8 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på post 27.

Post 25 Medfinansieringsordning for digitaliseringsprosjekt, kan overførast

For prosjekt som har mottatt medfinansiering blir det gjort ei avrekning etter at prosjektet er avslutta. Med bakgrunn i endeleg avrekning av prosjekt som fekk tilsegn om medfinansiering i 2022, og der totale tilsegn ikkje er brukt, er løyvinga redusert med 1,5 mill. kroner.

Post 27 Tilsyn for universell utforming av ikt

Som følge av behov for å omdisponere midlar internt i Digitaliseringsdirektoratet frå generell drift til drift av tilsynet for universell utforming av ikt er løyvinga auka med 8 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på post 01.

Post 29 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, kan overførast

Løyvinga er basert på tenesteeigarane sitt estimat for dekking av driftskostnader. Dei nyaste estimata viser eit meirbehov på 20,5 mill. kroner. Løyvinga er derfor auka med 20,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av inntektene på kap. 4540, post 07.

Kap. 4540 Digitaliseringsdirektoratet

Post 05 Bruk av nasjonale fellesløysingar

Som følge av innbetalingar i 2025 av forseinka inntekter frå 2024, blir det forventa ei meirinntekt på posten i år. Løyvinga er derfor auka med 37 mill. kroner.

Post 07 Tenestefinansiert drift av Altinn

Løyvinga er auka med 20,5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1540, post 29.

2. Budsjettmessige verknader av lønnsoppgjeret i 2025

Finansdepartementet har samtykka til fordelinga av samla kompensasjon for lønnsoppgjeret i 2025 for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Kap./post	Nemning	Kroner
1540/01	Digitaliseringsdirektoratet	4 898 000

Midlane stillast til disposisjon for Digitaliseringsdirektoratet.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Riksrevisjonen